

Økonomien ved Institutt for framandspråk ved inngangen til haustsemesteret 2011

- orientering til instituttrådsmøtet 31. august 2011 -

Fordelinga av ressursane og det økonomiske samspelet mellom institutta og Det humanistiske fakultetet er dei siste par åra gjennomgripande revidert på dei fleste felt. Dei modellane som no er lagt til grunn for ressursfordelinga, er dermed nye. Ny modell er innført for *eksternfinansierte prosjekt*, såkalla BOA-aktivitet. Her er større økonomisk ansvar lagt over på institutta, og det er knesett ein einskapleg modell for betaling av dei administrative tenestene fakultetet tek seg av (10.000 pr prosjekt årleg og 20.000 pr årsverk). Frå 2011 av er det dessutan innført ein ny og resultatbasert modell for fordelinga av *driftsbudsjetta* til institutta. Frå no av er størstedelen av driftsløyvinga vår bestemt av resultata innafor forskning og utdanning. Den suverent største delen av ressursane er likevel bundne opp i *stillingsbudsjettet* ved fakultetet. Her har fakultetet og institutta vore gjennom fleire rundar med drøftingar av fagdimensjonering, der bakgrunnen dessverre har vore eit større oppsamla underskot som skal handterast. Fakultetet har no starta opp med femårige bemanningsplanar som skisserer kva for fag som skal missa eller få nye, faste vitskaplege stillingar framover. Planane vert reviderte årleg under budsjettarbeidet. I tillegg er fordelinga av stipendiatstillingane revidert. Under den nye modellen har kvart institutt fått ein kvote (IF har femten stipendiatstillingar), og instituttet får tilsetja nye stipendiatar når gamle går ut av lønssystemet.

Forbruket i 2011 og overføringar til 2012

Rapportane som vart sende ut saman med innkallinga til rådsmøtet, viser at instituttet til og med juli månad hadde brukt 3.3 av ei samla tildeling på 8.2 millionar. Dei resultatbaserte løyvingane utgjer mesteparten av den samla tildelinga, men i tillegg har instituttet fått driftsmidlar til stipendiatar, vikarløyvingar, smådriftsmidlar, støtte til særlege tiltak og overføringar frå 2010. Sannsynlegvis vil vi få nokre få ekstraløyvingar òg i haust (vikarmidlar), slik at den samla tildelinga til driftsbudsjettet i 2011 vert noko høgare enn 8.2 millionar kroner. Til samanlikning kan det nemnast at instituttet i det økonomisk vanskelege året 2010 hadde eit samla tildeling på 4.7 millionar på slutten av året.

I år har altså instituttet totalt 4.9 millionar att ved utgangen av juli månad. Dette er rikeleg, og vi reknar med å få eit overskot ved instituttet når året er omme. Kva vil skje med dette overskotet ved overgangen til 2012? For det første vil stipendiatar og postdoktorar som før få overføra ubrukte driftsmidlar. Visse øyremerkte midlar utanfor grunnløyvinga ved fakultetet vil vi òg få overføra. Dette må i så fall avklarast i kvart einskild tilfelle. Dersom vi etter desse overføringane framleis har midlar igjen, vil instituttet få overføra fem prosent av totalramma. Og skulle det likevel etter dette vera overskotsmidlar, blir dette trekt inn av fakultetet.

Påskjøningsmidlar som ikkje er brukte i år, bør bli overførte eller tildelte på ny i 2012. Frå og med 2012 blir det som kjent ikkje gitt påskjøningsmidlar - det vert med andre ord ikkje gitt slike midlar for dei master- og doktorgradskandidatane som avsluttar studiet i år.

Budsjettet for 2012

Budsjettet for 2012 blir ikkje endeleg fordelt før på fakultetsstyremøtet i desember, og derfor veit vi enno ikkje sikkert kor stort driftsbudsjett vi får. Spørsmålet om kva

stillingar instituttet får lysa ut i 2012 er heller ikkje heilt klarert. Ut frå dei nye modellane og ut frå det budsjettarbeidet som pågår ved fakultetet, er det likevel mogleg å seia ganske mykje om ressursituasjonen for instituttet i 2012.

1. Faste stillingar

Fakultetet kjem til å vedta ein ny og oppdatert bemanningsplan for 2012-2016 allereie på styremøtet 6. september. Som kjent, er det lagt opp til at fransk vil missa éi stilling og tysk éi og ei halv ved avgangar i 2012. Samstundes er det lyst ut ei heilt ny stilling på engelsk fagdidaktikk knytt til fullfinansierte studieplassar på den nye erfaringsbaserte mastergraden ENGMAU. I dei førebelse sakspapira heiter det vidare at fakultetet vil prioritera ei ny stilling til japansk i 2012 "dersom regnskapsresultatet for 2011 er bedre enn prognosene tilsier. Alternativt bør japansk være høyst på prioriteringslisten med hensyn til ny stilling i 2013."

Når det gjeld administrative stillingar, har ikkje fakultetet laga nokon tilsvarande detaljert og grundig gjennomgang. Her vert det lagt til grunn at det skal vera ei omtrentleg fordeling mellom 20 prosent administrative og 80 prosent vitenskaplege stillingar.

2. Utlysing av stipendiatstillingar

Instituttet vil lysa ut frie stipendiatstillingar våren 2012. Førebels veit vi ikkje nøyaktig kor mange stillingar det er tale om.

3. Driftsbudsjettet

Driftsbudsjettet til instituttet i 2012 vert fordelt etter same prinsippa som 2011-budsjettet. Dermed blir budsjettet styrt av to faktorar. For det første den totale ramma fakultetet får til disposisjon frå universitetet sentralt. Denne summen kjenner vi ikkje enno. Deretter fordeler fakultetet driftsbudsjett i tråd med resultatane dei ulike institutta hadde i 2010 innanfor utdanning (studiepoeng og utsende studentar) og forskning (publikasjonspoeng, disputasar og eksternfinansierte prosjekt). Vi veit dermed ikkje enno kor stort driftsbudsjett instituttet vil få i 2012. Men vi kan leggja til grunn at det ikkje vil bli dramatisk annleis enn i år.

Instituttrådet bør på siste møtet i haust kunna vedta driftsbudsjett for IF 2012. Instituttet har allereie tidlegare bestemt at det i november skal lysast ut støtte til forskning og publisering som gjeld første delen av 2012.

4. Eksternfinansierte verksemd

Innanfor den tilskots- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) legg den nye modellen ein større del av det ansvaret over frå fakultet til institutt. Dette kan fungera heilt greitt, og fakultetet gjev framleis god assistanse med økonomioppfølginga. Men skulle det økonomiske resultatet bli dårleg, må instituttet rekna med å dekkja tapet. Derfor er det viktig at instituttet i samarbeid med fakultetet får gå grundig gjennom økonomien i eit prosjekt før det vert sendt søknad. Med andre ord er det viktig at instituttleiinga, og i mange tilfelle òg fakultetet, vert trekt tidleg inn i arbeidet med større søknader om forskingsmidlar.

*Arve Kjell Uthaug,
30. august 2011*